



Frekhaugmarka Vel
Mabel Johansen og Sigmund Bodal
v/ Mabel Johansen Galtenesvegen 42
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/6857 - 23/42120

Saksbehandlar:
Mette Robertsen
mette.robertsen@alver.kommune.no

Dato:
01.06.2023

Førebels svar - mottatt klage på vedtak - 03.04.2023 - dispensasjon frå byggjegrense mot kommunal veg og løyve til oppføring av parkeringsplass - gbnr 323/204 Frekhaug

Tiltak: dispensasjon frå byggjegrense mot sjø
Byggjestad: Gbnr: 323/204
Tiltakshavar: Bergen og Omland Friluftsråd Kommunalt Oppgavefelleskap
Ansvarleg søkjar:

Vi stadfestar med dette å ha motteke dykkar klage den **19.04.2023**.

Sakshandsamingsfristen for klage er 8 veker. Der det er gjeve utsett iverksetting av vedtak er fristen 6 veker.

Parter i saka kan komme med kommentarar til klagen

Dette brev sendast også til eventuelle andre parter i saka, slik at dei kan kommentera klagen. Eventuelle kommentarar sendast kommunen på post@alver.kommune.no. Kommentarane blir tatt med i vidare handsaming av klagen.

Frist for innsending av kommentarar er to veker.

Vidare klagehandsaming

Kommunen vil vurdera klagen viss vilkåra for klagebehandling er oppfylt.

Klagen kan føre til at vedtaket vert endra av administrasjonen. Det nye vedtaket er då eit nytt enkeltvedtak som det er klagerett på.

Dersom administrasjonen opprettheld vedtaket, vert klagen sendt vidare for politisk handsaming i Utval for areal, plan og miljø. Møtet vert halde på Region Nordhordland Helsehus i Knarvik. De kan stille som tilhøyrar på møtet eller følgje møtet digitalt via [Alver kommune TV](#).

For å sjå møteinnkalling med sakspapir, gå til Alver kommune si heimeside, gå til politisk møtekaldender og vel Utval for areal, plan og miljø. [Lenke til møteplan finn du her.](#)

Handsaminga i Utval for areal, plan og miljø kan føre til at vedtaket vert endra. Vedtaket er då eit nytt enkeltvedtak som det er klagerett på. Vert administrasjonen sitt vedtak oppretthalde av utvalet, vert klagen sendt til Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd.

Vurdering av utsett iverksetting av vedtak

Administrasjonen viser til telefon frå Frekhaugmarka velforeining med førespurnad og oppmoding om utsett iverksetting av vedtak datert 03.04.2023. Førespurnaden vart motteke før innsending av klagen.

Utgangspunktet er at vedtak i byggesaker kan setjast i verk straks dei er vedtekne og gjort kjend for partane. Når eit vedtak er klaga på, kan underinstansen fatte avgjerd om at eit vedtak ikkje skal setjast i verk før klagen er endeleg avgjort.

Avgjerda vert gjort ut i frå ei heilskaplege og konkret vurdering av klagen og av dei ulike interessene og tilhøva som gjeld sjølve saka. Det sentrale for avgjerda vil vere ei vurdering av dei fordelar og ulemper ei avgjerd om utsett iverksetting vil gje.

Etter ei førebels vurdering er det ikkje kome fram tilhøve som tilseier utsett iverksetting av vedtaket i denne saka. Det er ikkje lagt fram nye opplysningar i klagen som verkar inn på den konkrete avgjerda.

På bakgrunn av dette er vurderinga at det ikkje vert gjeve utsett iverksetting av vedtaket. Slik administrasjonen forstår, er tiltaket allereie oppført.

Oppstart av byggearbeid før klagesaka er endeleg avgjort, skjer på søkjar/ tiltakshavar sin eigen rekning og risiko.

Andre høve

Administrasjonen gjer merksam på at klagen er sendt til uttale den 03.05.2023. Alver kommune Samferdsel veg,- vatn,- og avløp forvaltning har handsama dispensasjon frå byggegrense mot veg, samt gitt avkøyringsløyve knytt til vedtak i sak 21/6857. Det ligg føre uttale frå dei datert 22.05.2023.

GENERELL INFORMASJON

Aktuelt regelverk

- Frist for handsaming av klage går fram av byggesaksforskrifta (SAK) § 7-1 første ledd bokstav c.
- Frist for handsaming av klage viss det er gitt utsatt iverksetting går fram av SAK § 7-1 første ledd bokstav f.
- Kommunen kan endre vedtaket på bakgrunn av klaga, jf. forvaltningslova (fvl) § 33.
- Utsett iverksetting av tiltak har grunnlag i fvl § 42.

Med vennlig helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Mette Robertsen
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Klage på vedtak i sak (sak 1284/22) - gbnr 323/204 Frekhaug
epost

Dispensasjon frå byggjegrænse mot kommunal veg og løyve til oppføring av parkeringsplass - gbnr 323/204 Frekhaug

Byggjesøknad - Søknad om løyve til tiltak - Parkeringsplass Elvavika friluftsområde - gbnr 323/204 Frekhaug

teikningar og bilder

Bilder

Dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg - gbnr 323/204 Frekhaug

Kopi til:

Bergen og Omland Friluftsråd
Kommunalt Oppgavefelleskap

Hellebakken 45

5039

BERGEN

Mottakarar:

Frekhaugmarka Vel

v/ Mabel Johansen
Galtenesvegen 42

5918

FREKHAUG